

Til rådmann og ordførar,

Bergen, 15. mai 2019

Regionalt høyringsmøte i Bergen om «Nasjonal ramme for vindkraft på land 23. mai.

Olje- og energidepartementet (OED) skal i neste veke arrangere regionalt høyringsmøte i Bergen om «Nasjonal ramme for vindkraft på land». Møtet vert 23. mai kl. 12-16 på Scandic Hotel Flesland (*påmeldingsfrist innan 16. mai til Heidi Lundberg, OED, hel@oed.dep.no*).

OED vil no vurdere NVEs forslag til «Nasjonal ramme for vindkraft på land» før dei tek stilling til politikken for vindkraft på land. I denne prosessen vil innspel frå kommunane vere særsviktig. Det er kommunen som i utgangspunktet styrer forvaltinga av areala sine, og som skal avklare samfunnsmessige behov.

Norges vassdrags- og energidirektorat presenterte 1. april eit omfattande forslag til «Nasjonal ramme for vindkraft på land». Hordaland vert berørt av dei utpeikte områda «Norhordland og Gulen», «Sunnhordaland og Haugalandet», og i forslaget frå NVE vert det også omtalt eit «nesten-område» som gjeld fjella mellom Voss og Hardangerfjorden. I dei utpeikte områda er det store friluftslivs-, reiselivs-, landskaps- og naturmangfoldverdiar som vert råka. I faggrunnlaget går det fram at det føreligg kunnskapsmanglar i det nasjonale datagrunnlaget gjeldande mellom anna naturmangfold, landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområder med urørt preg. NVE føreslår også at «ramma» på sikt kan oppdaterast etter behov, td. ved utbygging av ny nettkapasitet. Det er difor viktig at kommunane kjem på bana i denne saka – både dei som er utpeikte i forslaget, dei som grenser til desse områda og øvrige kommunar i regional solidaritet med kvarandre. Vi håpar kommunane vil bidra med kunnskap om naturmangfold, LNF-områder, reiseliv, landskap, rekreasjon, tydinga av areala for befolkninga, folkehelse og friluftslivet.

Vindkraftindustri vil vere nye naturinngrep i kyst-, fjord- og fjellandskapet. Hordaland bidreg allereie stort med fornybar vasskraftproduksjon og har allereie gjeve mykje natur til fellesskapet. Sumverknaden av tyngre, tekniske inngrep er allereie høg fleire stader. Difor er det særsviktig å ta vare på gjenverande, intakt natur (sjå vedlagt brosjyre *.pdf).

Vi håpar også at dykkar kommune vil handsame saka med politisk vedtak/ uttale.

Meir informasjon om høyringa og fristen for skriftlege innspel innan 1. oktober 2019 – sjå OED sine heimesider :

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing--nves-forslag-til-en-nasjonal-ramme-for-vindkraft-pa-land/id2639213/>



Meir informasjon om regionalt høyringsmøte i Bergen, 23. mai 2019, kl. 12-16, Scandic Hotel Flesland:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing--nves-forslag-til-en-nasjonal-ramme-for-vindkraft-pa-land/id2639213/?expand=horingsbrev>

Vi håpar å sjå doke i Bergen 23. mai!

Med vennleg helsing,

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Helene Ødven".

Helene Ødven

Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag

Nicolas Rodriguez

Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag